

VEDLEGG



**DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Deres ref
HM/AH

Vår ref
24/378-

Dato
1. mars 2024

Dokument 8:91 S (2023-2024) - Representantforslag om endringer i marknadsregulatorordningane i landbruket for å bidra til eit rettferdig system som både sikrar produksjonsgrunnlag og sunn konkurranse

Representantane Strifeldt, Bjørnstad og Listhaug har fremma følgjande representantforslag:

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om nødvendige endringer slik at ordningen med en markedsregulator i landbruket avvikles, og at eksisterende målprismodeller fjernes på en måte som sikrer tillit i verdikjeden og rettferdige konkurransevilkår.»

I representantforslaget vert det hevda at marknadsregulatorane Tine og Nortura har svikta når det gjeld å sikre at norsk produksjon skal dekke den innanlandske etterspurnaden av mjølk og egg. Eg er oppteken av at det til ei kvar tid er nok norsk mat i butikken. Men vi har inga matkrise i den tyding at folk ikkje får kjøpt egg eller mjølkeprodukt.

Knappheita på egg, som somme tider har ført til mangel på egg i nokre butikkar, skuldast ein kombinasjon av auka innanlandsk forbruk av konsumegg og auka etterspurnad etter norske egg til industriføremål. I staden for som normalt å importere egg ønskjer industrien å kjøpe norske egg som følgje av fugleinfluensautbrot internasjonalt og ei svakare norsk krone. Dette kunne ein ikkje forutsjå.

At vi i dag er i ein situasjon der vi må importere eit volum tilsvarande om lag 1 prosent av mjølka vi produserer i Noreg, skuldast mellom anna feil prognosering frå Tine. Som marknadsregulator, burde Tine tatt tak i den lave mjølkeleveransen tidlegare enn dei gjorde, og sett inn tiltak for å auka produksjonen. I slike situasjonar skal prioriteringsregelverket nyttast, der flytande mjølkeprodukt skal prioriterast, dernest ost og til slutt tørrmjølk.

Marknadsregulatorane må trekke lærdom av dei erfaringane vi nå har for mjølk og egg. Men situasjonen i dag er ikkje eit argument for korkje å fjerne eller svekke dei ordningane vi har for matproduksjon i Noreg. Den er snarare eit argument for å styrke dei. Norske forbrukarar skal òg i framtida ha trygg mat til overkomelege og stabile prisar, samstundes må bøndene som produserer varene få skikkeleg betalt.

Den norske modellen for landbrukspolitikken er basert på at bøndene sjølv må dekke kostnadene ved overproduksjon gjennom reduserte avrekningsprisar for råvarene og auka omsetningsavgift for å finansiere kostnadane til å balansere marknaden. Av di jordbruket har det økonomiske ansvaret for overproduksjon, må dei ha ansvaret for marknadsbalanseringa. Derfor er ansvaret for den lagt til Omsetningsrådet og marknadsregulatorane.

Tilbodssida i produksjon av jordbruksråvarer har nokre særtrekk samanlikna med andre vareproduserande næringar. Jordbruksproduksjon er ei biologisk næring som ikkje kan endre produksjonen på kort sikt. Fleire råvarer har svært lang produksjonssyklus, i praksis kan det gå fleire år frå ein bestemmer seg for å starte, utvide eller fortsette produksjonen, til råvara er ferdig produsert. Det er heller ikkje mogleg å sette produksjonen «på vent» undervegs.

Etterspurnaden er prega av låg priselastisitet. Det betyr at ein i ein uregulert marknad vil få svært store prisfall om det er for stor produksjon i høve til etterspurnaden, og sterk prisvekst om det er for lite varer i marknaden. Summen av dette gjer at det er naudsynt å regulere marknaden. Dette er til gode for både produsentane og forbrukarane.

Det viktigaste tiltaket for å oppnå ein best mogleg balanse mellom norsk produksjon og forbruk er bruk av prissignal til produsentane (avrekningspris) og marknaden (engrospris). For at prissettinga skal kunne nyttast til dette føremålet, må marknadsregulator vere ein aktør i varetraumen, slik Tine og Nortura er i dagens landbrukspolitik. Eg vil og peike på at Tine og Nortura si utarbeiding av prognosar om tilførsel og forbruk av mjølk, kjøtt og egg, både på kort og lang sikt, er avgjerande for marknadsbalanseringa. Som marknadsaktør oppnår dei den naudsynte kompetansen for at prognosane har tilstrekkeleg kvalitet.

Tiltaka som gjennomførast som ein del av marknadsbalanseringa skal vere mest mogleg kostnadseffektive. Det at bøndene, som betaler reguleringa gjennom omsetningsavgift, og er eigar av marknadsregulatorane er eit viktig insitament til at dette vert følgt.

Marknadsregulatorane har i tillegg til ansvaret for å balansere marknaden plikt til å ta i mot/hente leveransar frå alle produsentar til same vilkår som gjeld for produsentane som er medlemmer hjå marknadsregulator. Denne mottaksplikta gjeld uavhengig av driftsomsfang og kor i landet produsentane er lokalisert, og den er avgjerande for at vi kan ha eit aktivt landbruk i heile landet. Marknadsregulator er og pålagt ei forsyningsplikt som skal gi dei andre marknadsaktørane tilgang til råvarer på like vilkår, noko som er eit viktig konkurransepolitisk verkemiddel.

Alternativet til dagens marknadsreguleringsystem vil vere kontraktproduksjon, og innanfor ein slik modell kan ikkje mottaks- og forsyningsplikta vi har i dag bli vidareført.

Med grunnlag i det eg har nemnd over finn eg ikkje grunnlag for å endre gjeldande modell for marknadsregulering. I representantforslaget er det vidare vist til at det no er lagt fram eit fagleg grunnlag til årets jordbruksoppgjer, som blant anna ser på alternativ regulering dersom målprisen for mjølk vert avvikla.

Ved jordbruksoppgjeret i fjor var avtalepartane samde om å vurdere endringar i marknadsordningane for korn og mjølk på grunn av det berre er eit avgrensa handlingsrom for vidare målprisutvikling frå 2024. For at vi frå norsk side skal kunne følge opp forpliktingane vi har etter WTO-avtalen, la ei partssamansatt arbeidsgruppe 1. februar fram ein rapport med prioriteringskriterier og vurderingar som grunnlag for avgjersler om målprissystemet.

Regjeringa vil komme tilbake med forslag om dei naudsynte endringane i målprissystemet, inklusiv endringar i forskrifter mv. Det vil leggjast vekt på at endringane vert gjennomført på ein måte som sikrar både tillit i verdikjeda og rettferdige konkurransevilkår.

Med helsing



Geir Pollestad

